

Program Opplevingsnæringar

Sogn og Fjordane



Retningslinjer for søknad om tilskot frå
programmet 2009.

Fylkesplanen 2005 - 2010

Program opplevingsnæringar - utlysning av midlar

Program opplevingsnæringar er eitt av fem program i Sogn og Fjordane sin fylkesplan for perioden 2005-2009. Alle programma har måla i fylkesplanen som overordna mål.

Målformulering i program opplevingsnæringar

- **Auka verdiskaping for bedrifter og meir attraktive lokalsamfunn gjennom satsing på opplevingsnæringar**
- **Fleire nye bedrifter som tilbyr opplevingar på kommersiell basis**

Programstyret har spissa si satsing til å gjelda bedrifter som sel opplevingar basert på mat, kultur og natur

Programmet kan gi **inntil 50% støtte** av samla budsjett. Eigendelen kan finansierst med inntil 50% som egne timar. Verdien av egne timar kan setjast til inntil kr 300 pr. time, men skal ikkje vera større enn det som er reelt. Lokal eigenfinansiering i form av kapital skal såleis minimum utgjere 50% av budsjettet. Søkjarar kan vera bedrifter, lag, organisasjonar og private- og offentlege institusjonar. Prosjekt som får løyvingar i 2009 må vera avslutta i løpet av 2011.

Programmet forvaltar kr 1,7 mill i 2009. Midlane skal gå til prosjekt og fellestiltak for opplevingsbedriftene gjennom utlysning, men kan også nyttast av programstyret til egne prosjekt og tiltak.

Programstyret vil støtte program, prosjekt og tiltak som siktar seg inn mot målsetjingane i program opplevingsnæringar.

Støtte til program

Program opplevingsnæringar vil støtte etableringar av nye programsatsingar, som har langsiktige målsetjingar knytt til utvikling av opplevingsbedriftene i eit område (fylke, region, kommune). Eit vilkår er at programma ikkje vert etablert i konkurranse med andre program i området, og at næringsaktørane er aktive med i programmet.

Støtte til prosjekt

Program opplevingsnæringar vil støtte prosjekt, som har som mål å utvikle tiltak, som kan føre til måloppnåing i program opplevingsnæringar. Dersom prosjekta i tillegg er forankra i andre program i fylket, med målgruppe opplevingsbedrifter, så vil det styrke søknaden.

Støtte til tiltak

Program opplevingsnæringar vil støtte etablering og drift av mindre tiltak, som kan føra til måloppnåing i program opplevingsnæringar. Det er ein styrke om tiltaka er forankra i andre program retta mot opplevingsbedriftene i fylket og utvikla gjennom prosjekt.

Programstyret vil prioritera støtte til fylgjande kategoriar:

1. Festivalar, arrangement og kulturformidling
2. Kompetansehevande tiltak
3. Marknadstiltak / produktutvikling / pakking
4. Infrastruktur / møteplassar / nettverk
5. Anna

Kategorien ”anna” er ein open kategori for andre gode innspel. Programstyret meiner at utlysing av midlar stimulerar aktørane i fylket til kreative tiltak, noko som er viktig ved utvikling av opplevingsnæringane.

Programstyret vil ha følgjande generelle prioriteringar når det gjeld tildeling av økonomiske midlar:

- Konkret og synleg verknad framfor utgreiingar og generelle prosjekt.
- Mest mogeleg oppleving pr. krone.
- Må ha konkret effekt for næringslivet og/eller stor verdi for lokalsamfunnet.
- Unngå saker og tiltak som naturleg høyrer heime hjå andre finansieringskjelder.
- Unngå store saker som programstyret ikkje har tilstrekkeleg økonomisk ramme til.
- Prosjekta bør dekkja område på minst kommunenivå.

Søknadsskjema til nedlasting på: <http://www.sfj.no>

Søknadsfrist på midlar frå programmet vil bli 25. april 2009. Programstyret tek sikte på tildeling av midlar innan 10. juni.

Alle prosjekta som får midlar vil i neste omgang omtalast i RUP-Norge (www.rup.no)

Om samanhengen mellom program, prosjekt og tiltak

Program Opplevingsnæringar var i utgangspunktet eit 4 årig målretta program. Programstyret si viktigaste oppgåve er å etablera og koordinera prosjekt, som skal utvikle tiltak, som skal føra til måloppnåing i programmet, når dei beste tiltaka vert etablerte og drivne.

På same måten som fylket opprettar program, så kan også næringsgrupper, regionar, kommunar, etc.. opprette langsiktige og målretta program. Eit døme på eit slikt program, er program frukt- og grønt i Sogn og Fjordane. Dette er eit næringsprogram, oppretta av næringsaktørane og offentlege verkemiddelaktørar. Det finst også fleire gode døme.

Når etablerte program søkjer om midlar til prosjekt og tiltak, så vil styringsgruppa i program opplevingsnæringar vita at søknadane er ekstra godt forankra i reelle behov. Programstyret vil også vita at det er eit programstyre som kan fylgje opp prosjekt og tiltak framover, om det vert slutt på program opplevingsnæringar.

Alternativet til denne type programforankring er at prosjekta ikkje har anna forankring enn program opplevingsnæringar. Programstyret meiner at dette ofte ikkje er godt nok, og ynskjer

at det vert oppretta fleire langsiktige satsingar på opplevingsnæringane her i fylket, på både fylkesnivå, regionnivå og på kommunenivå.

Det kan vera ein styrke om næringsaktørane sjølve tek initiativ til slike program. I det nye søknadsskjemaet er det derfor skilt i støtte til program, prosjekt og tiltak. Program krev prosjekt og tiltak, og prosjekt og tiltak krev program. Både program, prosjekt og tiltak er avhengige av kvarandre, og må sjåast i samanheng. Etablering av program er normalt det fyrste trinnet.

Om opplevingsnæringar i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane har ein variert og vill natur. Våre fjell, brear, kyst og fjordar er unike både i nasjonal og internasjonal samanheng. Me har eit godt klima til å ligge så langt nord. Få andre plassar kan vise til vår form for landbruk og kulturlandskap på våre breiddegrader. Få stader kan ein oppleve fleire ”årstider” på same tid, slik som hjå oss.

Naturressursane og bruk av fjorden som samferdselsåre gjorde det mogleg med spreidd busetnad. Dei viktigaste næringsvegane har frå gammalt av vore primernæringane landbruk og fiske. Det siste 100-året har industrisamfunna vokse fram, basert på eiga vasskraft. I havet er det fisk og olje, og potensiale for vindkraft.

I Sogn og Fjordane har alltid kulturlivet alltid vore viktig for innbyggjarane. Det typiske i vårt fylke er at innbyggjarane utviklar sine eigne kulturtilbod, gjennom revyar, festivalar og arrangement. Mange av våre kultur- og sportsarrangement har fått nasjonal og internasjonal merksemd. Gjennom gamle og nye festivalar får me vist fram det beste fylket har å by på.

Sogn og Fjordane er eit rikt fylke. Folk som bur og arbeidar i fylket scorar høgt på helse og trivsel, og me er attraktive for turistane. Til tross for dette, går folketalet nedover.. For nokre kommunar er nedgangen dramatisk.

I fylkesplanen til Sogn og Fjordane er satsing på ”opplevingsnæringane” ein av strategiane for å oppnå målsetingane knytt til verdiskaping, sysselsetnad og busetnad. Grunngevinga er at fylket vårt har gode vilkår for å utvikla denne type næring.

Opplevingstilboda kan vera ikkje-kommersielle, delvis kommersielle eller heilkommersielle. Dei heilkommersielle kan klara seg utan støtte i det lange løp. Både dei delvis kommersielle og heilkommersielle opplevingstilboda kan definerast som opplevingsnæringar.

I SNF-rapport 07/06 ”Opplevingsnæringane i Vestlandsbygdene” (Grete Rusten) vert det delt inn i 4 typar opplevingsnæringar:

1. Næringar som er kulturbaserte, eller kor kultur er ein viktig innsatsfaktor (musikk, kunst, teater, litteratur og liknande)
2. Naturbaserte opplevingsnæringar
3. Næringar basert på helse- og rekreasjon.
4. Næringar basert på omsorg (som t.d. utdanning, barnevern, psykiatri, rusomsorg, kriminalomsorg)

Programstyret for program opplevingsnæringar meiner at dei tre fyrste typane høver godt inn i fylket si satsing, men vil i tillegg at opplevingar knytt til mat også skal vera ei satsing.

I ei opplevingsnæring bør hovudproduktet vera knytt til sjølve opplevinga, og ikkje til sal av ei konkret vare eller ei teneste. Typiske opplevingsnæringar kan då vera breføring, kajakkutleige, fjordcruise, stølsvitjing, teater, guida tur, kurs, servering av heimebrygg, etc..

Ordinere varer og tenester kan derimot presenterast i ”settingar”, som gjer totalpakken til ei oppleving. Slike næringar kan også bli rekna som opplevingsnæringar. Sal og produksjon av lokal mat og andre lokale varer basert på lokal kultur og tradisjon kan også stundom reknast som opplevingsnæringar, og særleg om butikken har eit lokalt og kulturelt særpreg.

Programstyret

Programstyret er oppnemnt av fylkespolitikarane. Det har sidan programstart vore nokre endringar. For 2008 ser programstyret slik ut:

- Harry Mowatt, Sogn og Fjordane fylkeskommune, polititar, LEIAR
- Anita Solbakken, Sogn og Fjordane fylkeskommune, kulturavdelinga
- Christian Rekkedal, Fylkesmannen Sogn og Fjordane
- Olav Ellingsen, Sogn Regionråd, regionråda
- Åsne Folstad, Innovasjon Norge
- Marit Hjortung, Reisemål Sunnfjord, Næringa (permisjon)

Sekretærar for programstyret er

Arne Monrad Johnsen, Sogn og Fjordane fylkeskommune, regionalavdelinga (hovudansvar)
Telefon: 57656248, mobil: 41530978
E-post: arne.monrad.johnsen@sfj.no

Bjørn Harald Haugsvær, Fylkesmannen Sogn og Fjordane
Telefon: 57723216, mobil: 48007375
E-post: bjorn-harald.haugsvær@fmsf.no

Søknadsfrist er 25. april 2009.

Ferdig utfylt skjema skal sendast som e-post (tilrådd) til arne.monrad.johnsen@sfj.no eller som brev til:

Program Opplevingsnæringar
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2, 6863 Leikanger

Kontakt:

Arne Monrad Johnsen, Sogn og Fjordane fylkeskommune
e-post: arne.monrad.johnsen@sfj.no
Telefon: 57656248 mobil: 41530978